



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Sektor helse og omsorg	Pia Charlotte Aarsand Syversen
	Arkivnr.: 16/3267	Klassering:

Brot på alkohollovgjevinga - prikktildeling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Feste Nærkjøp AS har ikkje levert omsetningsoppgåve over faktisk omsett mengde alkohol for 2016 og forventa sal av alkohol 2017 innan kommunens frist som var 01.03.2017.

I samsvar med alkoholforskriftens § 10-3 blir Feste Nærkjøp AS tildelt to prikker, jfr. kapittel 6 i forskriften.

Klage

Kommunens einskildvedtak etter § 1-8 og kap.3 og 7 kan påklagast til fylkesmannen, jfr. alkohollova § 1-16.

Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol.

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

Feste Nærkjøp AS har ikkje levert omsetningsoppgåve over faktisk omsett mengde alkohol for 2016 og forventa sal av alkohol for 2017 innan kommunens frist som var 01.03.2017. Ifølgje alkoholforskriftens § 6-3 fastset løyvemyndigheita frister for løyvehavarar innsending av oppgåve over forventa omsett mengde alkoholhaldig drikk og innbetaling av gebyr. Ved årets utløp skal løyvehavarar sende inn oppgåve over faktisk omsett mengde alkohol.

Kommunen skriv i brev av 23.01.2017 til samtlege sals- og skjenkestader om at oppgåve over faktisk omsett alkohol for 2016 og forventa sal/skjenking i 2017 må bli innsendt innan fristen 01.03.2017. I dette skrivet vart sals- og skjenkestadene gjort merksam på at det er innført eit nytt nasjonalt prikkssystem som gjeld for alle landets kommunar, og at manglande levering av omsetningsoppgåve blir belasta med 2 prikker dersom fristen ikkje blir overhalde.

I skriv av 23.03.2017 til Feste Nærkjøp AS blir salsstaden førehandsvarsla av kommunen om å bli tildelt 2 prikker for brot på alkohollovgjevinga med frist om uttale innan 06.04.2017. Salsstaden har ikkje kome med tilbakemelding på dette skrivet.

Reglene om prikktildelingssystemet inneber at ulike brot på alkohollovgjevinga blir tildelt eit visst tal prikker, og der 12 tildelte prikker i løpet av 2 år vil føre til ein standardreaksjon på inndragning i ei veke. Ordninga er obligatorisk, og kommunen er forplikta til å følgje dei pålegg som følgjer av alkoholforskriften.

Omsetningsoppgåva frå salsstaden har kommunen motteke 06.03.2017 – etter at fristen var gått ut.

Vurdering

I samsvar med alkoholforskriftens § 10-3 blir Feste Nærkjøp AS tildelt to prikker, jfr. kap. 6 i forskriften.

.....

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost